

Ytste Skotet, Stordal Kommune, Møre og Romsdal, Skjøtselsplan for verdifull slåttemark

A. Generell del

Slåttemarker er areal som vert regelmessig slått. Semi-naturleg slåttemark eller såkalla natureng, er slåttemarker som er forma gjennom rydding og lang tids tradisjonell slått. Dei er ofte overflaterydda, men ikkje oppdyrka og tilsådd i seinare tid, og ikkje eller svært lite gjødsla. Dei vert slått seint i sesongen. Slåttemarkene vert eller vart gjerne haustbeita og ofte også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vore skjøtta varierer noko frå stad til stad og frå landsdel til landsdel. Slåttemark er urte- og grasdominert og oftast svært artsrik. Dei kan vere opne eller tresette.

Tresette slåttemarker med styvingstre som vert hausta ved lauving er i dag svært sjeldne. Slike såkalla lauvenger vart gjerne beita om våren, slått ein gong seint om sommaren og beita om hausten. I tillegg vart greinene på trea hausta til før med eit tidsintervall på 5-8 år. I gammal tid spelte også myr ei viktig rolle som slåtteeareal (slåttemyr). Dei fleste jordvassmyrane i Noreg har tidlegare vore slått, men myrslåtten tok i stor grad slutt for ganske lenge sidan og vart praktisert berre nokre få stader fram til slutten av 1950-åra. Nokre av slåttemyrane gror att, medan andre endrar seg mindre, her er det truleg få tydelege biologiske spor frå slåttedrifta. Det er registrert få lauvenger og slåttemyrar som framleis er i hevd.

Dei ulike slåttemarkene høyrer til blant våre mest artsrike naturtypar, og er viktige også for andre organismar enn karplantar. T.d. er rundt 70 prosent av dagsommarfuglane våre knytt til open engvegetasjon (særlig urterik slåttemark) og fleire vadefuglar brukar strandenger (slått eller beita) som hekkeområde og rasteplassar under trekket. I tillegg har slåttemarker mykje å seia for mange truga artar av beitemarksopp. Slåttemark kan ikkje erstattast av beitemark fordi dei inneheld vegetasjonstypar og flere artar som ikkje klarer seg i område som berre vert beita. Samanlikna med naturbeitemark har slåttemark generelt det høgaste artsmangfaldet og dei største bestandane av fleire truga engartar. Gjennom historia har slåttemark vore, og vil framleis vere, om vi tek vare på dei, viktige "levande genbankar". I tillegg er dei berekraftige økosystem som har vore eit nøkkelement i norsk landbruk i fleire tusen år. Men driftsendringar på 1900-talet har ført til at slåttemark nå er mellom våre mest truga naturtypar.

Slåttemarksutformingar på Vestlandet

Den store variasjonen i slåttemarksvegetasjonen i Noreg er enno berre delvis kartlagt. I det følgjande har vi likevel prøvt å peike på nokre utformingar av slåttemarksvegetasjon som er særigne for Vestlandet og dermed gir fylka her eit særskilt forvaltningsansvar. Vi gir òg døme på nokre verdifulle lokalitetar.

I Møre og Romsdal har ein svært godt oversyn over tradisjonelle slåttemarker fordi det her nylig er gjort ei samanstilling av kunnskapen om denne naturtypen (Jordal 2007). 178 lokalitetar vert omtala i rapporten frå dette prosjektet, og slåttemarker er registrert i 29 av dei 37 kommunane i fylket. Lokalitetane finst likevel først og fremst konsentrert innan mindre geografiske område, og kommunane Stordal (22 lokalitetar, særleg i Nørdredalen), Rauma (28 lokalitetar, særleg i øvre Romsdalen), Tingvoll (19 lokalitetar, særleg i Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg ved fjellgardane) har flest kjende lokalitetar. Frisk fattigeng, ofte med stort artsmangfald, er truleg den viktigaste vegetasjonstypen. 64 raudlisteartar er registrert i dei registrerte slåttemarkene (13 karplantar, 1 sommerfuglart og 50 soppartar).

- Ein særleg verdifull lokalitet er Skutholmen, Fræna, der det finst eit heilskapleg fiskarbondelandskap som vert skjøtta tradisjonelt og har mange gamle kulturlandskapselement m.a. mange små 1x2-meters potetåkrar i bergskortene.

Slåttemarkene vert slått med ljå. Her finst mange raudlista beitemarkssopp. Staden er veglaus og kan nåast med robåt over eit 50 meter breitt sund.

- Langs Grøvvassdraget (Sunndal, utvalt for MR i 2008) og i øvre Romsdalen (Rauma) finst tørre-friske slåttemarker med fleire tørrrengsartar som *Pilosella*-artar og sjeldne soppar.
- Stordal kommune har kanskje landets største bestandar av kvitkurle som i stor grad er knytt til restar av slåttemark.
- Nordre Sunnmøre er eit kjerneområde for solblom. Meir enn 30 000 blomsterstenglar er registrert innan dette området. Dessverre er det no berre sporadisk hobby slått igjen her.

I Hordaland har m.a. Losvik (1988) studert slåttemarksvegetasjon. Fire utformingar av jordnøtteng (frisk fattigeng, jordnøttutforming) finst langs kysten her:

- Jordnøtteng, kystmaure-utforming med m.a. kystgrisøyre. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, grisøyre-utforming med m.a. blåstjerne og tusenfryd. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, prestekrage-utforming med m.a. kystgrisøyre, kjertelagnetroyst og småengkall. Utforminga finst òg i Sogn og Fjordane.
- Jordnøtteng, kamgras-utforming med m.a. kystgrisøre, vill-lin, hjartegras, storblåfjør og musekløver.

I tillegg er ei femte utforming identifisert i fjordstroka (O2-O1):

- Frisk fattigeng, marikåpe-raudknapp-utforming med m.a. englodnegras, smalkjempe, vill-lin og småengkall, men utan dei typisk vestlege artene. Utreiinga er ikkje godt nok kjend.

Jordnøttengene har ei spesifikk norsk artssamansetjing: Viktige lokalitetar er m.a. Urangsvåg, Bømlø og Gjuvsland, Varaldsøy.

I Sogn og Fjordane har miljøet rundt Ingvild Austad på Høgskulen over fleire tiår forska på og gjort ei rekkje registreringar i dei tradisjonelle slåtteengene i fylket. Også i Sogn og Fjordane er det registrert fleire jordnøttenger. Kystblåstjernerdominerte slåttemarker finst i ytre kyststrok, m.a. i Gåsvær i Solund, og lokalitetane Sandøyna, Vilnes og Hamna i Askvoll. Ein viktig slåttemarkslokalitet finst på Øvre Ormelid, ein hyllegard i Luster. Her finst tørrrengar med m.a. brudespore, vanlig nattfiol og bakkesøte. Det registrert mange slåttemarker i Sogn og Fjordane, men fleire av registreringane er gjort for relativt lenge sidan og stoda i dag er uviss. På Grinde i Leikanger finst ei flott lauveng der både trea og enga framleis vert haldne i hevd.

I Rogaland er det registrert få slåttemarker. Dette har dels samanheng med det er gjort lite forskning i Rogaland. Men hovudgrunnen er truleg det moderne og intensive jordbruket utover 1900-talet med omfattande nydyrking, oppgjødsling og bruk av engrfrø førte til at dei tradisjonelle slåttemarkene gjekk tidleg ut av drift. Fattig berggrunn, høg nedbør og gjødselpåverknad gjer at dei fleste naturengene som er att er fattig engkveineng med blåknapp, blåklokke, følblom og ryllik. Denne er mindre artsrik enn mange andre engtypar. I nordre del av fylket finst jordnøtt og kamgras i engene, medan det i den sørlege delen finst enger med blodtopp, blåmunke og engtjørreblom. På Jonegarden i Sauda, ein museumsgard der jorda er i statleg eige, er det både fattige og litt rikare enger og slåttemyr som med unntak av 10 år har vore drive samanhengande på gamalt vis. Her finst kvitkurle og nattfiol. Solblom, som og er funnen her, finst og i nokre få andre registrerte slåttemarker, m.a. Serigstad i Time og på Funningsland i Hjelmeland. Ei anna slåttemark på Jæren som har lege brakk i lang tid, er hovudlokalitet for den sterkt trua arten jærtistel som her i landet berre finst i denne delen av Hå kommune. Særleg artsrike dyneenger finst på Jæren og Karmøy. Engslått på desse er lite kjend, men det er gjort forsøk på Åkrasanden der slått har auka artsmangfaldet.

Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker

Skjøtsel

Beste måten å skjømte ei gammal, artsrik eng på, er å følgje opp den tradisjonelle driftsforma, utan gjødsling og med sein slått. Det tradisjonelle slåttetidspunktet har variert noko frå stad til stad avhengig av klima og høgd over havet. Difor er det viktig å finne ut kva som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gammalt av. Slått før 10. juli var svært uvanleg. En bør nytte lett reiskap (ljå, tohjuls slåmaskin eller lettare traktor) der det er mogleg. Graset må bakkettørkast eller hesjast før det vert fjerna. I tillegg til at ein får tørt og godt hø, er bakkettørkinga viktig for at frøa til engartane både skal få modne ferdig og vert liggjande att på enga når høyet vert samla saman og køyrt vekk.

Enkelte stader har engene i tillegg vore beita, anten vår eller haust eller begge delar. Berre beiting kan ikke erstatte slått, men er dette einaste moglege skjømtsel i en periode, er storfebeiting det mest skånsame. Storfeet vel ikkje ut "godbitane" slik sauen gjer. Men beitepresset må ikkje vere for stort, og ein må rekne med noko manuell etterrydding. Der ein har tidlegblømande artar er det særleg viktig at ein unngår vårbeite.

Restaurering

Når det gjelder restaurering av enger som er i attgroing og utviding av eksisterende slåtteareal er det viktig å ikkje setje i gang med meir omfattande restaurering enn det ein klarer å følgje opp med skjømtsel i ettertid.

Dersom det er mange delfelt som skal restaurerast, kan det vere lurt å ta det trinnvis over fleire sesongar. Slik vert det meir overkomeleg, og ein får erfaring med kor omfattande dei ulike tiltaka er og kor mykje ein kan vente å få gjennomført per sesong.

Hogst/grovrydding bør helst gjennomførast på frosen og gjerne bar mark. Då unngår ein skadar på undervegetasjonen, og samstundes er det enklare å få ein lågast mogleg stubbe. Rydding i snø kan vere meir tungvint. Mindre buskar og oppslag kan òg ryddast om sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i blada.

I slåtteenger som *ikkje* har vore tresette er det ikkje noko poeng i å setje att tre ved rydding, men gamle styvingstre bør få stå. Eit og anna lauvtre med fin og vid krone kan òg gjerne få stå. Alle gran/furu og framande treslag bør fjernast.

Etter hogst er det særleg viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande vert samla saman og brend på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av uønska rasktveksande, konkurransesterk vegetasjon. Av same grunn er oppflising og spreiiing av flis i området ikkje å anbefale.

Attståande biomasse vil ta opp noko av næringa som vert frigjort frå daude røter av tre og buskar som har vert rydda bort. Dette gir ein gjødslingsverknad som lett fører til uønska nitrogenkrevjande artar (t.d. bringebær og brennesle). Gradvis opning er difor viktig. Gjødslingsverknad saman med auka lysinnstråling fører gjerne òg til ein del etterrenning. Det er mest effektivt å slå lauvrenningane i juli, når det er minst energi samla i rotsystemet. Dette fell normalt saman med slåttetidspunktet. Det kan likevel vere nødvendig å rydde lauvrenningar fleire gonger dei par første sesongane.

Osp spreier seg ved rotskot, og rydding kan i mange tilfelle føre til omfattande renning. Det kan difor løne seg å ringborke osp ved å skjere eit ca. fem cm breitt band rundt treet nedanfor den nedste greina. Det er viktig at snittet er såpass djupt at all borken forsvinn, slik at transporten av næringsstoff stoppar heilt opp. Det er lettast å ringborke om våren. Etter tre somrar må dei daude trea fjernast.

Stubbar må kappast heilt ned til bakken, anten i samband med hogsten eller ved etterrydding på barmark. Større stubbar vil rotne fortare om ein skil borken frå veden med eit spett eller liknande, og deretter stappar jord i mellom. Med unntak av osp og or kan ein òg unngå renningar på denne måten. Dette kan t.d. vere aktuelt i kantar som hindrar lysinnstråling til slåttemarka.

Problemartar som bringebær- og rosekratt, brennesle og mjøduert vil normalt forsvinne ved slått over tid. Men for å få dei bort kan det i byrjinga vere nødvendig å slå fleire gonger per sesong med ljå eller krattryddar. Felt med einstape bør slåast ned med kjepp, ikkje skjerast ned. På denne måten held

bregna fram med å transportere næring frå røtene, og utarmar dermed rotsystemet sitt. Bregna bør så fjernast om hausten.

For meir utfyllande stoff om skjøtsel, restaurering og hevd:

Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker er å finne på DN sine heimesider: <http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=500034662&language=0>

B. Spesiell del: Møre og Romsdal, Stordal Kommune

Lokalitet Ytste Skotet	Type Slåttemark	
ID Naturbase: BN00021603	UTM: Nord: 6922180 Øst: 391250	Kommune/fylke: Stordal/Møre og Romsdal
Gnr/bnr: 114/1	Areal, noverande: 36 daa, Skjøtselplanen er også relevant for B-lokalitetane heilt i nærleiken, på Me Skotet og Inste Skotet, ca 40 daa til.	Mogleg areal: 36daa
Tidlegare registrert 30.09.1996	Registrert av: Gaarder og Jordal	
Dato for skjøtelsplan: 20.11.2010	Utforma av: Kari-Anne Nilsen	
Reregistrert i samband med skjøtelsplan. Dato:	Registrert av:	

OMRÅDEBESKRIVELSE:

Naturbaseområdet ligg nordvendt til på ca 225 meter over fjorden, og er ein liten del av eit stort område med tilsaman 160 mål med slåttemark, og ca 6000 mål med kulturlandsskap knytt til gardane på Skotet. Kartet (vedlegg 1b) viser også andre område registrert Naturbase, og potensielle restaureringsområder heilt i nærleiken. Markane ligg vanskeleg til, veglaust og med ei bratt rås opp, men området er relativt flatt når ein først kjem seg dit.

TIDLEGARE OG NOVERANDE BRUK:

Garden Ytste Skotet har trulig vært i kontinueleg drift heilt sidan Håkon den Godes tid rundt år 900 etter Kristus, og garden er nemt i skriftlege kilder som Flateyrbok og Formannasogur og Heimskringla. Innmarka, som no er slåtteeng har også tidlegare vært nytta til åkerareal og garden har i si tid hatt den største kornproduksjonen i Stordal Kommune (Buraas og Hatløy, 1991). Bruk av handelsgjødsel var vanleg i etterkrigsåra. Frå og med 1954 og fram til nabogarden Me-Skotet var fråflytta i 1981, var handelsgjødsel einaste gjødsel (Idar Skotte, pers. med).

No er innmarka i hovedsak slåttemark, med noko beitemark for husdyr (kyr av typen vestlansk fjordfe, og sau av typen gamalnorsk spælsau, vedlegg 3f og g). Små lappar er også åkerareal (potetåkrar, grønnsaker, og ein ikkje så vellukka byggåker). Den noverande bruken er i stor grad knytt til formidling. Born og unge er med på alle deler av slått, åkerarbeid og dyrestell. Vi formidlar eit sjølvbergingsprisipp som var vanleg på desse gardane i førindustriell tid, og sjølv sagt i eit økologisk perspektiv. Slåtten foregår når at alle arter er frøsett, vanlegvis heilt i slutten av juli/begynnelsen av august. Kunnskap om kulturlandsskap, skjøtsel, historie og biologi blir formidla gjennom prinsippet om handleboren lærdom, at vi alle jobber i lag, viser fram, diskuterer og deler erfaringar på tvers av generasjonar og bakgrunn.

VEGETASJONSTYPE:

Frisk fattigeng

Karakterartar: (m deknings% el. ca ant. Ind.)
De mest dominante artane er engkvein, raudsvingel, gulaks, smalkjempe, firkantperikum, engsyre, legeveronika og føyllblomst. I tillegg brukar vi artar som grov nattfiol, marihand, blåklokke og eittårige artar som augetrøst og småengkall til årleg overvakning i formidlingssamanheng.

Raudlisteartar: (deknings% eller ca antall ind.)
Solblom – ein liten koloni med ca 6 rosettar i Naturbaseområdet. Markert i kart vedlegg 1a og Bilde i vedlegg 3a.
Beitemarksopp – Hagen Kart vedlegg 1 a og bilde i vedlegg 3b.

STATUS/TILSTANDSBESKRIVELSE:

Kategori: Intakt slåtteeng, med tilhøyrande kulturminne

Avvikande skjøtsel: Beiting i staden for slått i ulente områder der slått er vanskeleg. Det er også ynskjeleg i formidlingssamanheng at dyr er heilt i nærleiken av garden, men gjerda ute frå slåtteeng med beitekjenleige artar som nattfiol.

Problemartar: Spanskkjørvel har spreidd seg frå ein tidlegare urtehage, og blir kvart år gravd opp og brent. Den sprer seg fortsatt, og tiltaket må fortsette framover. Ellers har nabogardane små plantefelt med gran, som må overvåkes så det ikkje får spre seg. Vi går fysisk rundt og graver opp granoppslag i randsona til området. Einstape har kolonisert eit område i enga over husa. Den blir knekt ein gong i året.

KULTURMINNE:

Området inneheld ei heil rekkje kulturminne, frå steingjerde, stadsnamn, gamle styvingstre, alm (til barkebrød i tronge tider) hus (troskot, eldhus, hovedhus, stabbur, smie, driftsbygning, vassjulhus, kvenn) trohesj, og noko som truleg kan være ein stein med skålgroper, hagen med gamle frukttresortar.

VERDI (EV. REVIDERT VERDISETTING):

A - svært viktig

MÅL:

Hovudmål for lokaliteten:

Å bevare kvalitet, struktur og artsmangfold på slåtteenga gjennom riktig skjøtsel, aktiv bruk og formidling.

At born og unge får tilgang til området og samtidig lære om biologisk mangfold og viktigheita av bevaring.

Å bruke området på ein kulturhistorisk rett måte, og så tett opptil den historiske bruken som mogleg.

Eit levande kulturlandskap innebere ein levande gard, og så langt det lar seg gjere blir det no heilårsdrift på Skotet med sauehald. At ein bruker graset ein slår og får naturgjødning til engane gjer at skjøtselen blir meir autentisk. Dette er likevel ekstremt mykje mindre næring enn det som blei tilført då engane var i drift.

AKTUELLE TILTAK:

Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle:

Tilbakeføre heile området til ein så lik måte som mogleg då det var drift på garden. Dette inneber:

* Meir hogst av store tre (bjørk) som står langs vegar og i randsoner.

* Nyetablering av styvingstre der det har vært slike før. Ein eigen skjøtselplan for haustingsskog både i og utanom naturbaseområdet må utarbeidast.

* Utmarksgjerde må restaurerast, dette er ein kombinasjon av steingjerde og netting.

Prioritering (år) Kostnad kr/
ant timar

Kontinuerlig
arbeid. 50 timar

40 timar

500 m
gjerde = kr
3000 kr/120
timar arbeid

Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle:

* Graset blir tørka anten på bakken eller i hesj, og lagra på låven til dyrefôr gjennom vinteren.

* Om mosedekke forsett å auke i dekningsgrad kan det bli aktuelt å «harve mose» noko som var eit ganske vanleg tiltak når dette problemet oppsto.

* Saudetalle blir brukt som naturgjødning, og blir spreidd på tidleg vår.

*Vår og haustbeiting. Viktig at dyr ikkje har tilgang på området frå seint mai til etter slått. Hagen skal ikkje beita.

Utførast
dato/uke

Biologiske
faktorer +
værforhold må
bestemme
tidspunkt, ikkje
kalenderen.

UTSTYRSBEHOV:

Ny slåttmaskin for å dekke behovet til slått i naturbaseområdet, hos nabogardane og på slåttemyra

Gjerdå. Motorsag for trehogst, utstyr til skjøtsel i formidlings-sammenheng – Ijær, treraker, utstyr til hausting av laukjerv, bærebånd til høy, ny høyvogn og møkkslede til hest.

OPPFØLGING:

Skjøtelsesplanen skal evaluerast innan: 2015

Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp

ANSVAR:

Brukar: Stiftinga Sunnmøre Museum, avd/ Ytste Skotet ved dagleg leiar Kari-Anne Nilsen

Kilder


Bruaas T. og Hatløy K.H., 1991: Metodeopplegg for istandsetjing og skjøtsel av kulturlandskapet.

Kandidatoppgåve for linja for landskapsforvaltning og planlegging. Sogn og Fjordane distriktshøgskule.

Nilsen K-A., 2004: Effekter av igjenopptagelse av skjøtsel på slåtteeng, Ytste Skotet Stordal

Kommune. Bacheloroppgåve ved Institutt for Naturforvaltning, Universitetet for Miljø og Biovitenskap.

Vedlegg 1. Kart



Vedlegg 1a: Kartutsnitt av Naturbaseområdet (rød linje). Grønt område er avvikande skjøtsel med beiting. Gule felt er raudlistearter.



Vedlegg 1b: Kartutsnitt av kulturlandskapet rundt Naturbaseområdet.

Område 1 er naturbaseområde av A og B prioritet. Gul markering er hagen, med raudliste beitemarkssopper og ein forekomst av solblom.

Område 2 er Legande, Ondalendet, Bruna og Hjelln. Området har over 30 bjørke som tidlegare har vært styvingstre, og blei brukt til typisk haustingsskog/beitemark/slåttemark, og har 2 utmarksløe knytt til seg. Den eine utmarksløa har ein forekomst av solblom på taket! Eigen skjøtselplan naudsynt og under utarbeiging.

Område 3 er Birkenes ein husmannsplass til Ytste Skotet. Ospeskog med tydeleg urskogpreg. Internt er området freda.

Område 4 Slåttemyra Gjerdå. Betydeleg restaurering har blitt gjennomført dei siste åra, med skog/krattrydding og i 2010 blei den nedre delen slått. Store forekomster av raudlistearten Solblom (gul markering). Eigen skjøtselplan naudsynt og under utarbeiging.

Område 5 Skotshalsen. Omtrent 15 daa med uskjøtta slåtteeng. Relativt store forekomster av breiflangre og nattfiol.

Vedlegg 2. Artslister

I 1991 gjorde Buraas og Hatløy ei svært detaljert ruteanalyse over innmarka på Ytste Skotet som grunnlag for ein skjøtselplan og restaureringsplan. Dei la ut kvadrater der dei registrerte arter og deiras dekningsgrad. I 2004 gjorde Nilsen analysa opp att, og artslistane er resultatet av dei to undersøkingane. Garder og Jordal har i tillegg funne 22 artar med beitemarkssoppar der 2 av dei raudlista. Dei er ikkje med i listane.

Augetrøst	Hassel	Skjerm sveve
Beitesveve	Hengjeveng	Skogburkne
Bikkjenever	Hårfrytle	Skogfiol
Bjønbrodd	Hårsveve	Skogmarihand
Bjønncam	Jonsokkoll	Skogsalat
Blanksigdemose	Jordbær	Skogstjerne
Bleikstarr	Knegrass	Skogstorkenebb
Blokkebær	Kranskonvall	Skrubebær
Blåbær	Krattmjølke	Sløkje
Blåklokke	Krekling	Slåttstarr
Blåknapp	Krypsoleie	Smalkjempe
Blåkoll	Kvitbladtistel	Smyle
Blålyng	Kvitkløver	Smørtelg
Blåtopp	Kvitveis	Småengkall
Bringebær	Kystjamnemosse	Småmarimjelle
Brudespore	Kystkransemosse	Småsyre
Bråtestarr	Legeveronika	Småtvblad
Einer	Legevintergrønn	Snauveronika
Einstape	Levermose	Solblom
Engfrytle	Lifiol	Soleiehov
Engkransemosse	Linnea	Stor kransemosse
Engkveien	Maiblom	Stor tujamosse
Engrapp	Marikåpe	Storbjørnemosse
Engsoleie	Markfrytle	Storblåfjør
Engsyre	Markrapp	Stormarimjelle
Etasjehusmose	Matteflettemose	Stormaure
Etasjemose	Mjødurt	Stortujamosse
Fagermose	Moldmose	Stortvblad
Finnskjegg	Myrfiol	Sølvbunke
Firkantperikum	Myrfrytle	Sølvbunke
Fjellmarikåpe	Myrklegg	Sølvwier
Fjørmosse	Nyresoleie	Tannmose
Flekkmarihand	Nyseryllik	Tepperot
Fugletelg	Osp	Tepperot
Fuglevikke	Prestekrage	Tettegras
Furu	Raud jonsokblom	Timotei
Furumose	Raudkløver	Timotei
Følblom	Raudsvingel	Torvmose
Gauksyre	Rogn	Tytebær
Geitsvingel	Rognasal	Tyttebær
Grasstjerneblom	Ryllik	Tyttebær
Grov nattfiol	Røsslyng	Vanleg arve
Grønnvier	Selje	Vanleg nattfiol
Gråord		Vanleg nattfiol
Gulaks		Vanlig arve
Gulliris		Vintergrønn
Harerug		Vårkål
		Ørevier
		Åkerdylle

Vedlegg 3. Bilde



Vedlegg 3a: Solblomforekomst



Vedlegg 3b: Hagen (beitemarkssopp) og slåtteeeng på neset og Mehaugen.



Vedlegg 3c: Frå neset og oppover mot husa. Hagen til høgre



Vedlegg 3d: Frå slåtteenga over husa




Vedlegg 3e: Området nedom låven og ut mot taubana



Vedlegg 3f: Vestlansk Fjordfe - i beiteområdet



Vedlegg 3g: Gamalnorsk Spælsau på haustbeite, og buhunden Buster.



Vedlegg 3h: Mehaun med stien opp mot huset. Alt det kvite er Grov nattfiol.



Vedlegg 3i: Viser området frå andre sida av fjorden. Garden til høgre, rett over fossen er Ytste Skotet.